



Arbeidet med friluftslivets ferdselsårer



Stad kommune



20. Januar 2022




Kartlegging av friluftslivsområda

Hausten 2020 gjennomførte Stad kommune kartlegging og verdisetting alle område som nyttes til friluftsliv i kommunen. Frå større turområde på fjellet til små grønkorridorar mellom bustadområde.

Formål med kartlegginga er å få på plass eit betre kunnskapsgrunnlag om friluftslivsområda i kommunen, eit temakart.

Under dette arbeidet kjem det fleire ønskjer om at vi må kartlegge ferdssårene i kommunen vår.



Oppstart – Etablering av prosjektplan



Stad kommune

Oppstart slutten av 2020

Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar “Plan for friluftslivets ferdelsårer” som er lagt til grunn for prosjektarbeidet.

Temaplan utan juridisk binding som gjev ei oversikt over viktige og relevante ferdelsårer for friluftslivet i kommunen.

Målet med prosjektet er å kartlegga ferdelsårerene for friluftsliv i kommunen, slik at dette vert teke omsyn til i arbeidet med kommunale planar, vedtak og prioriteringar.

Støtte frå Vestland fylkeskommune



Stad kommune

Prosjektplan Friluftslivets ferdelsårer



Arkivsak:

Versjon dato: 11.12.2020

Bakgrunn

Arbeidet er forankra i Stad kommune sin samfunnsplan for perioden 2020-2032. Samfunnsmålet er «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»

Prosjekt arbeidet skal også stø opp under Vestland fylkeskommune sin visjonen for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet, som er «Fysisk Aktiv Kvar Dag»

Mål for arbeidet

Kommunen skal auka kunnskapen om eksisterande og potensielle nye ferdelsårer, og utvikla nye og gamle ferdelsårer på ein berekraftig måte for å skapa meir aktivitet.

Planen er kopla mot Stad kommune sine satsingsområde og mot FN's berekraftsmål som vist under.

Godt tenestetilbod	Livskraftige tettstader og samfunn	Berekraftig miljø	Samskaping og samarbeid
 3 GOD HELSE	 11 BÆREKRAFTIGE BYER OG SAMFUNN	 15 LIV PÅ LAND	 17 SAMARBEID FOR Å NÅ MÅLENE

Effekt mål

Formålet med planen for friluftslivets ferdelsårer er at den skal bidra til:

- Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse blant eigne innbyggjarar og besøkande. «Fysisk Aktiv Kvar Dag»
- Auka bulyst og attraktivitet som bustad og reise mål.
- Eit bredt aktivitetstilbod, med ulik tilretteleggingsgrad, sommar som vinter for alle i kommunen.
- Færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen
- Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdelsårer
- Auka tilgang til kulturminna i kommunen



Effektmål i planen

Formålet med planen for friluftslivets ferdsselsårer er at den skal bidra til:

- Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse blant eigne innbyggjarar og besøkjande. «Fysisk Aktiv Kvar Dag»
- Auka bulyst og attraktivitet som bustad og reisemål.
- Eit breitt aktivitetstilbod, med ulik tilretteleggingsgrad, sommar som vinter for alle i kommunen.
- Færre og kortare fritidsreiser med privatbil i kvardagen
- Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdsselsårer
- Auka tilgang til kulturminna i kommunen
-Kulturminneplanen Selje og Eid

Har starta stort merkeprosjekt

- No skal alle ferdsselsårer i kommunen merkast, fastslår Arild Vonheim i Stad kommune.



SELJA: Turvegar også på Selja, med utsikt ned mot Selja kløfter.

Kommunen skal auka kundeskapen om eksisterande og potensielle nye ferdsselsårer, og utvikle nye og gamle ferdsselsårer på ein berekraftig måte. Målet er å skape meir aktivitet i heile kommunen.

Stad kommune samarbeider med turistag, og det har blitt utarbeidd standard-skilt med namn på som no skal settast ut.

- På Flotraket, Støfflandet, Harpefossen og Holmøyane har ein allerede gjort ein kjempejobb i privat regi. Det har funne gode løysingar, og no ønskjer vi at heile kommunen skal vere godt merka. Det viser seg at til meir tilrettelegde turloppene blir, til meir blir det brukt. På Eid har dei vore lite merkjing, og her har vi kanskje 40 turar som kjem til å bli merka frå Hjelte til Ståheim, seier Vonheim.

Mål:
• Ruteneit med variert vanskegrad i alle delar av kommunen.
• Informasjonkjelde retta mot turismærkinga knytt til naturopplevingar i kommunen.
• Turrutar vert skilta etter nasjonal standard.
• Turrutar i kommunen skal

leggast inn i Nasjonal base for tur- og friluftsruter under Kartverket.no

Formålet med arbeidet er at det skal bidra til:
• Auka fysisk aktivitet og betre psykisk helse blant eigne innbyggjarar og besøkjande. «Fysisk Aktiv Kvar Dag».• Auka bulyst og attraktivitet som bustad og reisemål.• Eit breitt aktivitetstilbod, med ulik tilretteleggingsgrad, sommar som vinter for alle i kommunen.• Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdsselsårer. Som for eksempel Turlag, byggleiag og idrettslag. Knytt opp mot samarbeidsmålet vårt som er

«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle drag i lag»
• Auka tilgang til kulturminna i kommunen.

Betne helse
- Om vi får midlar frå fylkeskommunen til prosjektet vil vi lage turkart til lokale og utbreiande turgatar, fortel Vonheim.

Baktenken bak merkeprosjektet er helsebiten i det - at innbyggjarane skal vere aktive og oppdage nye plassar og draumeutar. Då blir det også mindre trykk på dei plassane som er populære i dag. Vonheim viser mellom anna til at draumebytta på Nausdalkamben har blitt populær.

- Stien dit er ganske liten, og i samarbeid med andre ser vi no på korleis vi kan få oppgradere stien litt betre. No har vi også fått lys i dagsturbytta, og solcellepanel er installert etter at vi fekk 50.000 kroner i midlar frå BKK. Også hjelp frå Eid Elektro har gjort dette mogleg. Resten av midlane vil vi bruke til restaurere stien, seier han.

Vonheim fortel også at fylket har ein prosess med korleis skilttinga skal vere ved riksveg/ fylkesveg.
- Det gjeld kvar ein kan parkere bil og kvar ein ikkje kan gjere det. Utan smidige grunneggarar hadde vi ikkje fått til noko som helst, seier han.



INGELJØRG NILSEN STOKKENES
mas@fridabudet.no

MERKEPROSJEKT: No skal alle turloppar og ferdsselsårer i Stad merkast. Her er arbeidsgruppa for merkeprosjektet som no er i gang. Frv Frode Øylen i Stad kommune, Rune Heggen og Steinar Dæknes i Midtre Nordfjord Turlag og Arild Vonheim i Stad kommune. **ALLE FOT: FRV**



TROLLVASSNYSKJEN: Trollvassnyskjen har endeleg fått seg skilt på toppen.



BRANDEN: Flott utsikt frå Branden 707 meter over havet. No har dei vorte skilt også her.



VEDVIKNIBBA: Her er det ein av volontarane i Stad som set opp skilt til Vedvknibba.



ORHEIMSBOTNEN: Også Orheimbotnen har no fått seg skilt.



FLUNKE: Turlaget ved Steinar Dæknes fekk Oppotur-boka som takk for innsatsen.

Resultatmål i planen



Stad kommune

Plan for friluftslivets ferdselsårer skal få fram løysingar med målsetjingar:

- Bygdesentera Nordfjordeid, Selje og Leikanger skal ha:
 - Maks 500 m til nærmaste fotturrute på minimum 1 km lengde
 - Maks 1 km til ein rundtur (turveg, sti eller fotturrute)
- Minst éi universelt utforma, naturprega ferdselsåre på minimum 500 m i bygdesentera Nordfjordeid, Selje og Stadlandet
- Arbeide for at skular, barnehagar, omsorgssenter og helsebustader skal ha ein turveg/sti eller turrute tilpassa deira bruk i nærleiken.
- Rutenett med variert vanskegrad i alle delar av kommunen
- Informasjonsskjelde retta mot turistnæringa knytt til naturopplevingar i kommunen.
- Turruter vert skilta etter nasjonal standard.
- Turruter i kommunen skal leggst inn i Nasjonal base for tur- og friluftsruter under Kartverket.no



Skape nettverk - Samskaping



Stad kommune

Skape nettverk og god koordinering mellom aktørar som arbeider med ferdselsårer.

- Idrettslag
- Bygdelag
- Turlag
- Grunneigarar
- Privatpersonar


Merkekurs med DNT

Datafangst av både stier og turruter ved innsamling av GPS-sporing i terrenget.

QGIS

Turruter vert skilta etter nasjonal standard.

Innsamling av turbilder.



Turbok – Opptur Stad



Stad kommune

OPPTUR STAD vil skildre dei beste turopplevingane i Stad kommune. Boka tek deg med til frå den høgaste toppen Glitregga 1297 moh. til små nærturar i bygdene.

I boka blir på 400 sider med 146 turar. Av dette er det fjellturar, sentrums- og kulturvandringar, naturmøteplassar, sykkelturar og trugeturar.

OPPTUR STAD vil ha både lette og meir krevjande turar, med fyldig omtale, bilde, oppgjeven vanskegrad, lengde og tidsbruk. Alle turane er teikna inn på kart og flyfoto. Boka viser nøyaktig kvar turane startar og kvar rutene går.

OPPTUR STAD kjem ut som eit samarbeid med fleire aktørar og blir mykje meir enn ein turbok.

Bygdelag og idrettslag får forhand bestille boka med rabatt for vidaresal. Inntektene blir bl.a. nytta til tilrettelegging for friluftsliv



Turbok – Opptur Stad

146 turar å alle bygdene som blir skilta og merka. Turbeskrivelse og kulturhistorie. F.eks. naturmøteplass, historisk, trimløype og sykkel.

07		Haugen - Harpefossen								
07-01	Sykkel	Ein veg	Nordfjordeid	Nordfj.eid-Haugen-Brekka-Bjorkedalen						
07-02	Fottur	Topp tr	Øvrelid	Liasætra						
07-03	Fottur	Topp tr	Leikvin	Hjalma	0	0	0	1,8	0,3	1 grøn
07-04	Fottur	Topp tr	Reset i Remmedalen	Naustdalskammen	234	475	241	3,2	1	1 grøn
07-05	Fottur	Topp rundtur	Harpefossen	Blåsvednyken og Liavarden	241	909	668	11	4	3 raud
07-06	Fottur	Topp tr	Harpefossen	Slåtefjellet	241	909	668	3,5	2	3 raud
07-07	Fot/sykkel	Topp rundtur	Harpefossen	Tippaskogen	241	370	129	8	2	2 blå
07-08	Fottur	Topp rundtur	Furehogane	Ljosuregga	487	1205	718	9	4	3 raud
07-09	Fottur	Topp tr	Furehogane	Sandegga (Klakken)	487	1272	785	6	3	3 raud
07-10	Fottur	Topp rundtur	Furehogane	Furehogane til Bakke	487		-487	10	4	3 raud
07-11	Fottur	Topp tr	Brekka	Svartevatnet og Grimeskarvatnet	409	505	96	1,5		1 grøn
07-12	Fottur	Topp tr	Reset i Remmedalen	Åsefjellnykjen	419	680	261	1,4	1	2 blå
08		Stårheim								
08-01	Sykkel	Ein veg	Nordfjordeid	Nordfj.eid-Haugen-Stårheim-Kjolsd-Bryggja						
08-02	Fottur	Topp tr	Heida - Remmedalen	Trollvassnyken	460	958	498	2,5	1	2 blå
08-03	Fottur	Topp tr	Remmedalsvegen	Sethaugen	115	333	218	1,5	0,3	1 grøn
08-04	Fottur	Topp tr	Remmedalsvegen	Storevarden	115	680	565	3,5	1,3	2 blå
08-05	Fottur	Rundtur	Stårheim sentrum	Stårheimsdalen rundt						
08-06	Fottur	Topp tr	Solheimsbakkane	Bauvatnet	256	470	214	2,6	1	1 grøn
08-07	Fottur	Topp tr	Solheimsbakkane	Ytre Fannstøylen	256	393	137	1,9	40 min	1 grøn
08-08	Fottur	topp tr	Solheimsbakkane	Løysingvatna	256	682	426	4	1,45	2 blå
08-09	Fottur	Topp tr	Solheimsbakkane	Trongedalsnipa	256	880	624	5,4	3	3 raud
08-10	Fottur	Topp rundtur	Solheimsbakkane	Blåfjellet - Kvandalsegga	256	951	695	6,3	5	3 raud
08-11	Fottur	Topp tr	Tverrelva	Orheimsbotnen	212	428	216	1,4	0,3	1 grøn
08-12	Fottur	Topp tr	Tverrelva	Lundavarden	212	769	557	3,2	1,3	2 blå
08-13	Fottur	Topp tr	Orheimstunet	Rødsætra	49	247	198	2	1	1 grøn

09-06 Dua

Skattejakt, bjørnejakt og friarferd

Gradering: 2 blå eller 3 raud??
 Høgde: 300–794 moh.
 Lengde: 2,8 km ein veg
 Tid: 2 timar ein veg
 Kart: 10069
 Start: Navestøylen

Dua er ein av desse toppane som har ein eigen aura over seg. Kanskje fordi ein kjend skatt skal vere gravd ned her. Kanskje fordi her skal vere utsyn til 7 prestegjeld. Eller kanskje fordi her var stemne der unge og gamle frå både Sunnmøre og Nordfjord møttest sommarkvelden.

Startpunktet for turen til Dua er Navestøylen, sjå tur 09-03. Frå parkeringsplassen tek ein stien mot nordvest, over ei myr, før ein byrjar å gå oppover i skogen. Over skoggrensa ligg Dueberget, kring 500 moh., og litt lenger oppe Duevatnet 583 moh. Her kan ein velje å gå rett opp på Dueeggja, men stien er ikkje så tydeleg.

Til Duevatnet knyter det seg ei historie om ein nedgraven skatt. I boka til Peder O. Kjøllesdal står det: "Paa Duva seier sogar at der uppe ved Duvevatnet er nedgraven ein konge og han fik med seg Norges skat i 7 års tid til gravfylgja. Den Kungen som sogan seier ligg der, slokna der uppe da kungen fraa Møre og kungen fraa Nordfjord heldt slag deruppe."

Mange har sidan leitt etter skatten. Nokre unggutar tok ein gong med seg dynamitt og ville sprengje for å finna skatten. Som alle andre, mislukkast dei. Ei anna soge fortel om ein mann som fann skatten. Då fekk han plutsleg bod om at garden heim braun, og han skunda seg ned frå fjellet. Garden sto der like heil. Då bonden kom opp på fjellet att for å henta skatten, var han sjølvsgt borte.

Den vanlegaste ruta til toppen av Dua er å gå langs nordsida av Duevatnet mot Dueskaret. Her i Dueskaret vart den siste bjørnen skoten i Kjølisdalen. Det var han Kroke-Mattis som var hovudpersonen. Jaktlaget trudde bjørnen var daud etter skotet dei gav han. Kroke-Mattis gjekk bort til bjørnen, men då beit bjørnen seg fast i læret til Kroke-Mattis. Samstundes anda bjørnen ut. Det seiast at dei måtte fram med brekkjern for å opne kjeften på bjørnen og løysa Kroke-Mattis frå bjørnekjeften.

Frå Dueskaret og opp til Dueeggja er det tydeleg og god sti. Frå varden er det flott utsikt, og ein skal kunne sjå sju prestegjeld. Grensa mot Møre og Romsdal går tvers over Dueeggja. Frå Dueeggja (786 moh.) til Dua (794 moh.) er det ca 500 m.

Duevegen var ein viktig ferdaveg som vart nytta til fedrifter, som kyrkjeveg og friarveg og til gjestebodsturar. Historia fortel om folk frå Vanylven på Sunnmøre som kjøpte tømmer i Ålfoten, floytte det over Nordfjorden til Kjølisdalen og drog det over fjellet her på vinterføre.

Heilt sidan 1920-talet har Duestemnet vore ei årleg storhending. Kjølisdalen Ungdomslag og innbyggjarane på Åheim har annakvart år skipa til stemne på Dua første helga i august. Kaffikoking, taudraging, hornmusikk og tale har vore halde i hevd, og ikkje minst Duesongen:

Og Dua høgt over lier
 med varde frå eldgamal tid,
 som loga i ufredstider
 og varsla om krig og strid.

No er den eit samlingsmerke
 for bygder frå nord og sør
 der alle som vil kan vandre
 til stemne i august,
 søndagen første eller andre.

Der kaffien putrar på grua
 til nista frå sekken så god,
 der treffer du gamle kjende,
 der finn du slektning og frende.

Flyfoto

Flyfoto av turar i heile kommune.

Flyfoto av alle bygdene.

På teikna og digitalisert. For å vise nærrområde, ikkje eit turkart.



Stad kommune



Turbok

05-10

4 Gildra

Staden for det perfekte biletet

Gradering: I grön
Høgde: 175–277 moh.
Lengde: 0,9 km ein veg
Tid: 30 minutt ein veg
Kart: 10070 Hjørundfjorden
Start: Rindane



Er du på jakt etter det perfekte «insta»-biletet? Prøv Fjordareia på Gildra! (I Nordfjord nyttar mange ordet «reie» om det andre kallar disse, gyngje eller huske.) Frå Fjordareia kan du både oppleve soloppgangen mot Hornindalsvatnet og panoramautsikt over Eidsdalen. Fjordareia har plass til to om ein vil reie i lag. Vis varsemd, bruken av reiene er på eige ansvar. Turen til Gildra har startpunkt på



Rindane, ved same lunneplass som turane 05-07, 05-08 og 05-09. Men i staden for å gå ut mot aust, tek vi denne gongen retning mot vest.

Turen til Gildra er på 900 m og går på skogsvegen opp til naturmøteplassen. Turen er merkt og har blitt eit av dei mest populære turmåla i Stad kommune sommar som vinter. Flott familietur, kva med å ta middagen eller kveldsmaten på Gildra?

Her kan ein raste under tak i ein stor, flott gapahuk som Hestehoven 4H har laga til. Naturmøteplassen har bålplass og stort rastebord. Bak gapahuken har ein laga til ein fin utedo. Det er lagt ned mykje godt dugnadsarbeid av velvillige grunneigarar for å etablere denne flotte naturmøteplassen som er til glede for alle.



Frå utsiktspunktet på Gildra ser ein heile Eidsbygda og fjella mot sør. Sommaren 2020 var klima- og miljøminister Sveinung Rotevatn på besøk og opna reia på Gildra. Ministeren fekk teste reiene, og ordførar Alfred Bjørlo hadde ansvaret for å skubbe og halde farten oppe.

Før jul har det blitt tradisjon å ha lys i

09-02

6 Lisje Blåfjellet

Setrar, fiskevatn og utsiktstopp

Gradering: 3 raud
Høgde: 250–610–829 moh.
Lengde: 2,9 km ein veg
Tid: 2 timar ein veg
Kart: 10069 Stad
Start: Kvilet på Eikås



Namnet Blåfjellet er eit av dei vanlegaste fjellnamn i Noreg, og du får fleire hundre treff om du gjer eit søk på kartet. I denne boka har vi også fleire toppar med dette namnet, og i Kjølstdalen er det berre 2,1 km i luftlinje mellom to toppar med namnet Blåfjellet. Den høgste Blåfjell-toppen heiter også Kvannaldsegga (tur 09-05). Turen vår her går til den sørlegaste og litt lågare toppen som også heiter Blåfjellet.

Frå riksvegen i Kjølstdalen går vegen Homborstad på austsida av elva 1,9 km til brua på Haugane. Hald fram på austsida av elva på vegen Øvre Kjølstdalen. Etter 1,2 km ta til høgre skrått opp mot Eikås, som er den øvste garden i bygda. Etter bustaden Øvre Kjølstdalen 194 køyrer ein inn på ein god skogsveg som går til Kvilet, som er enden av vegen og har gode parkeringstilhøve.




Her startar ein tydeleg og fin sti som kryssar elva ved Steinlaupet, med noko stigning langs elva til Fossen. Herifrå er det lett og fint opp til Myrane, setra til Sundal og Bugjerde. Her står det att fleire av dei gamle tømmerseila og steinfjosane.

I alle bygdar har seterlivet ei eiga spenning og ein aura over seg. Mykje av dette handlar om at setrane var stader der ungdommen kunne møtast utan for mykje vaksen innblanding. Ein kar frå Kjølstdalen undra seg over korleis byfolk blei gifte, sidan dei ikkje hadde setrar.

Frå Myrane går stien vidare 700 m opp til Svartevatnet, 610 moh., som er eit fint fiskevatn. Nær nordenden av vatnet ligg Storevassætra. I vika nedanfor setra er det fint å bade. I tidlegare tider vart elvossen her demt opp for å samle vatn til kverner og sagbruk nede i Kjølstdalen.

Dei nærliggjande fjellområda er gode beiteområde, og det er alltid kjekt å møte på sau med lam på fjelltur. Tradisjonen seier at lam fekk einebær før dei vart sleppte på beite, for då var dei trygge for reven. Einebæra var ein viktig medisinsplante med mykje overtru knytt til seg. Korset i toppen av båret var eit teikn på vern mot vonde makter.

Sjølv om Svartevatnet kan vere eit høveleg turmål for dei minste, så er toppen av Blåfjellet også attraktiv. Frå Svartevatnet går ein nordover mot Blåfjellskaret og tek til høgre opp den bratte sida til toppen. Sjølv om det er bratt, er stien tydeleg og god å følgje. Frå toppen av Blåfjellet har ein flott utsikt til både Kjølstdalen og Stårheimsdalen. Frå Stårheim er det merkt sti frå Ytre Fannstøylen (sjå tur 08-07) til toppen, som av stårheimarane vert kalla Lisje Blåfjellet.



Sommarjobb

6 ungdommar har hatt sommarjobb med tilrettelegging og merker ferdselsårer. Ca. 90 km har blitt merka. Finansiert av Stad kommune og Gjensidigestiftelsen.

Ny søknad er sendt inn til Bufdir



IMPONERT: Torsdag i ferre veka fekk prosjektleiar i Stad kommune, Arild Vonheim, Ingebrigt Næs Hjellev og Ternes Næsdal, besøk av klima- og miljøminister Sveinung Rotevan og Stad-ordførar Alfred Bjerlo som ville sjå nærare på jobben Ternes og Ingebrigt hadde gjort med å merke turstiar i dalen. Statoråden var imponert. Frå venstre: Sveinung Rotevan, Ingebrigt Næs Hjellev, Arild Vonheim, Ternes Næsdal og Alfred Bjerlo. **BESØK FOTD FRIKLOP SILDEN**

Har merka turstiar på oppdrag frå kommunen

Ungdomane Ingebrigt Næs Hjellev (17) og Ternes Næsdal (16) har hatt sommarjobb i Stad kommune denne ferien. Jobben dei- ra var å merke nye turstiar som kan nyttast av alle.

Prosjektleiar Arild Vonheim har hatt ansvar for sommarjobben til desse ungdomane. Han lei- ar no ein omfattande prosjekt der dei kartlegg og skriv om dei mange tursti- ane og fjellstigningane som er å finne i Stad kommune. Han seier boka kjem ut kring november, og vert årets julegje- ve for dei som bur i Stad.

Torsdag i ferre veka tok ordfør- ar Alfred Bjerlo (V), og klima- og miljøminister Sveinung Rotevan (V) turen ut i Hjelme- landsdalen. Ministere- vart fortald om arbeidet som gutane har gjort, og poengterte kor viktig arbeid som dette er. – Ein ser at dei stiane og tur- stiene som er godt merka vert med ein gang meir populære for folk å gå i, fortel han. På eiga hand har dei to ungdø- mane merka og kartlagt vegen

opp til Løsethornet, Solidhor- net og Tørtensholvsanden. Dei har merka den beste vegen ein bør gå for å kome seg til dest- nasjonen, og markert desse er- ter nasjonal standard med T-ar.

Perfekt
– Dei er begge glade i å gå på fjel- let, og såg på denne sommar- jobben som perfekt for dei sidan dei fekk både gå i fjellet slik dei likar, samtidig som dei fekk betalt for arbeidet. – Det har vore ein enorm på- gang frå ungdom som søkte på sommarjobbane vi lyste ut. Dette viser at ungdomane i motsetning til det media framst- iller dei gjerne ønskjer å jobbe. – Det er fint for oss å få litt job- berfaring, og er flott å kunne vise til dette på CV-en fortel ungdomane.

Imponert
Rotevan vart imponert over arbeidet karane har gjort, og fortel han også hadde sett på dette som ein flott jobb dersom han var ungdom i dag. – Det er jo også bra for naturen å få merka opp gode stiar å gå på. Då får ein slusa turgarane inn på ein sti, slik ein skånar naturen for ferd der det ikkje eignar seg like godt, fortel Mi-

nistoren. **Forsterkar kommunen**
Ein annan grunn til at dette ar- beidet vart prioritert frå kom- munen si side, var for å gjere det lettere for folk å gå turvegar dei ikkje kjemmer frå før. – Ein har gjennom alle rader sett at dei som til dømes kjem frå Kjølsdalen går i turvegar kring Kjølsdalen og få andre plassar. Når ein får godt merka stiar i heile kommunen, vert ikkje stiane basert på berre lo- kal kjennskap, seier Bjerlo.

Informasjon
Gjennom turboka som kommu- nen arbeider med, får ein også relevant informasjon og histo- rier frå dei forskjellige turvega- ne, og kvifor dei heiter dei dei gjer. – Vi har valt å fokusere meir på historia bak dei forskjellige stadnamna i staden for ei di- rekte rettleiing. Dette gjer at ein kan seie seg med å lese boka heime i stova, og ikkje berre ha den med i ryggsekken, seier prosjektleiar Vonheim som har lagt ned mange timar med både flytografiering og dykt i arkiva for å finne infor- masjon om dei mange fjelltop- pane rundt om i kommunen.



NASJONAL STANDARD: Disse skilti i Hjelmelandsdalen er merka av skiltearten etter nasjonal standard. Denne standarden nyttar også kommunen når dei no arbeider med prosjektet.

– Det er ein grunn til at mange stadnamn har så merkelege namn, og det har vi vadd å foku- sere ein del på i denne boka. Saman med Selja forlag har vi funne fram mange spennande historie knytt til settopp dette.

Fantastisk jobb
Vonheim skryt av ungdomane, og fortel at dei har gjort ein fan- tastisk jobb utan å behov for nylke instruksar. Dei neste veka skal Vonheim ha med seg ytterlegare seks ungdømar på dette prosjektet, og neste veka er det to jenter som skal merke stiar.

Populært med sommarjobb
I prosjektet til Stad kommune med å tilsette ungdomar eller andre som står utanfor arbeids- livet i sommarjobbar har dei fått ein enorm respons. – Til saman vart 30 tilsette i sommarjobbar, og endå fleire som søkte. Diverse hadde vi ikkje plass til alle, men når vi ser kor populært dette tilbødet har vore, håpar vi å kunne hal- de fram med det vidare også, avsluttar ordførar Alfred Bjer- lo.

FRIKLOP SILDEN
alfred@fjordabladet.no



Stad kommune

Sommarjobb



Stad kommune



Turrutebasen – Rett i kartet

Melde inn alle merka og skilta turruter til Kartverket sin Turrutebase samt informasjon om kvar turrute.

Turrutebasen skal:

- Gi eit godt kunnskapsgrunnlag for kommunen i saksbehandling og planlegging.
- Sikre god forvaltning av friluftsområda.
- Bidra til friluftsliv ved at informasjon om turruter er lett tilgjengeleg.
- Sikre godt kartgrunnlag i beredskapssamheng f.eks. redningsaksjonar og uttrykning.




UT-kartet

Tjeneste frå Den Norske Turistforening med over 12.000 turforslag og 1.200 hytter.

Turforslag som er merka og **ikkje** merka med vegbeskrivelse.

DNT har over 20.000 km med merka turar på Ut.no

Lage digitalt turkart



Pågåande arbeid



Stad kommune

Tiltaksplan: Arbeidet med å vurdere og føreslå tiltak i samarbeid med bygdslag og turlaget. Innspel på skilting, merking og tilrettelegging.

Innhenting av bilder (startpunkt, stien og toppunkt) av 146 turar som er valgt ut.

Fjellturar, sentrums- og kulturvandringar, naturmøteplassar, sykkelturar og trugeturar.

GPS-registrering av turer i fjellterreng uten sti.

Turkart for Stad kommune? I dag er Stad kommune delt i 3 kartblad i Norge-serien



Dagsturhytta - Turområder



Stad kommune

Planarbeid

- Tilkomst og parkering
- Stien til hytta
- Skilting
- Toalett
- Vedlikehald
- Grunneigar



Friluftslivets ferdselsårer i Stad kommune



Stad kommune

